



## **VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I STRANDA KOMMUNE**

Gjeldande frå 01.08.18.

### **1. Eigar**

Stranda kommune står som eigar og ansvarleg for drifta av dei kommunale barnehagane. Barnehagane skal drivast i samsvar med dei lover og føresegner som gjeld, og vedtak fatta av Stranda kommune.

Stranda kommune er også tilsynsmynde for barnehagane i Stranda.

### **2. Føremål**

*Lov om barnehager § 1*

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

### **3. Barnehagen sitt innhald**

*Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.*

*Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.*

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*

*Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.*

*Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift.*

*Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.*

*Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.*

#### **4. Opptak av barn**

Hovudopptaket er ein gong årleg med søknadsfrist 1. mars, og supplerande opptak gjennom året ved ledige plassar. Søknad skal vere på skjema fastsett av kommunen.

Retten til barnehageplass gjeld kun dersom ein søker innan fristen til hovudopptaket og oppfyller dei kriteria som er

##### *§ 12 a. Rett til plass i barnehage*

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

Søklarane må sjølv berekne når retten til barnehageplass trer i kraft og sørge for å søkje innan fristen for hovudopptaket.

Barn som får tildelt plass i ein kommunal barnehage, kan disponere plassen til barnet startar i skulen eller til plassen vert sagt opp.

Opptakskretsen er Stranda kommune. Det vil seie at barnet må vere busett i Stranda kommune pr 1. august det året det startar i barnehagen.

Rådmannen ved opptaksnemda (kommunalsjef og alle barnehagestyrarane) gjer opptak etter styrar si innstilling.

Dei barna som ikkje får plass ved hovudopptaket, vert sett opp på venteliste.

Søknader som kjem inn gjennom året vert sett på venteliste og evt tildelt plass ved ledig kapasitet.

Opptaket vert gjort etter ei skjønsmessig vurdering og utifrå barnet og familien sine behov.

Ved opptak skal det takast særleg omsyn til søknader der eitt eller fleire av desse kriteria er tilstades:

- **§ 13. Prioritet ved opptak**

*Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.*

*Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.*

*Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.*

- Barn som oppfyller retten til barnehageplass.
- Barn med eineforsørgar.
- Barn som har tilråding frå faginstans
- Barnet manglar tilsyn fordi føresette er alvorleg sjuk.
- Søsken av barn i barnehagen

## **5. Oppseiingstid**

Oppseiingstida er gjensidig ein måned frå den 1. i kvar måned. Ved oppseiing etter 1.mars, må det betalast for plassen barnehageåret ut, eller inntil barnehagen får fylt opp plassen.

Barn som flyttar frå kommunen skal kunne seie opp plassen etter 1.mars utan å betale for anna enn oppseiingsmånaden.

Oppseiinga skal vere skriftleg på skjema fastsett av kommunen.

## **6. Foreldrebetaling**

Satsar for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret.

Kostpengar kjem i tillegg.

## **7. Misleghald av betaling**

Betaling for barnehageopphald skal betalast ved forfall den 15. i månaden. Dersom ikkje rekninga vert betalt ved forfall tek "Lindorff" (inkassobyrå) over purring og eventuelt inkasso av fakturaen. For dei som står til rest med betaling for 2 månader eller meir, blir barnehageplassen sagt opp frå kommunen si side med 1 månads varsel.

## **8. Helsekontroll**

*§ 23.Helsekontroll av barn og personale*

*Før et barn begynner i barnehage, skal det legges fram erklæring om barnets helse.*

*Dersom barnet har møtt til de ordinære undersøkelser på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnets foresatte.*

*Barnehagens personale har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll i henhold til gjeldende regelverk*

## **9. Opningstid**

Barnehagane si opningstid vert behovsprøvd.

Det skal vere samsvar mellom opningstid og hovedandelen av foreldra sine behov. Barna si opphaldstid skal ikkje vere over 45 timar pr veke.

## **10. Ferie**

Rådmannen vedtek plan for ferie-, fri- og planleggingsdagar.

Barnehagane er stengt i veke 29 og 30.

---

Veke 28 og 31 vert vurdert i kvar barnehage. Vurderinga vert gjort på bakgrunn av behov og om det er mogleg å gjennomføre praktisk og økonomisk.

Alle barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret; 4 veker om sommaren eller 3 veker sommaren og ei veke lagt til skulen sin haust- eller vinterferie. Ferien skal vere etter avtale med barnehagen.

### **11. Arealutnytting**

Kommunen sin norm for arealutnytting er i tråd med Departementet si veiledande arealnorm 4.0 kvm netto leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år ved heildagsopphald. 5.5 kvm netto leike- og opphaldsareal pr. barn under 3 år ved heildagsopphald.

### **12. Bemanning**

Bemanning i barnehagane skal vere i tråd med barnehageloven §§ 17 og 18 Forskrift om bemanning

### **13. Foreldreråd og samarbeidsutval**

*«For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.*

*Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.*

*Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.*

*Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.*

*Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.»*

### **14. Internkontroll**

Barnehagane skal ha internkontroll som er i samsvar med den overordna målsettinga for arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT) i Stranda kommune. Kvalitets og avvikssystemet Compilo skal nyttast i alle barnehagane.

### **15. Forsikring**

Stranda kommune teiknar ulykkesforsikring for barna i barnehagetida og på vei til og frå barnehagen.

Kommunen har ingen erstatningsplikt for barna sine eignedelar i barnehagen.

### **16. Endring av vedtektene**

Vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

---